

Sektor for oppvekst



Årsplan 2025/2026

Austefjord barnehage

*Volda kommune har barn, unge og
vaksne som deltek, meistrar og lærer!*

(Visjon for sektor opplæring og oppvekst)



Årsplanen er godkjent av SU i Austefjord barnehage 2025/2026.

Austefjord barnehage

Kontakinformasjon.

Styrar Anita Gaarder tlf. 90 47 46 12 e-post: anita.gaarder@volda.kommune.no

Tyttebærlyngen: tlf. 97 42 32 59

Blåbærtua: tlf. 91 14 72 87

Planleggingsdagar for barnehageåret 25/26.

Måndag 4. august 2025 – i eiga barnehage, førebuing nytt bhg.år

Fredag 15. august 2025 – felles for oppvekstsektor

Onsdag 22. oktober 2025 – kompetanseheving

Onsdag 18. mars 2026 – kompetanseheving

Fredag 15. mai 2026 – i eiga barnehage

Styringsdokument:

Lov om barnehager: [Lovdata - Lov om barnehage\(barnehageloven\)](#)

Rammeplan for barnehage: [UDIR: Rammeplan for barnehagen - nynorsk PDF](#)

Vedtekter for barnehager i Volda kommune: [Vedtekter for kommunale barnehagar PDF](#)

Oppvekstplan 2022-2027: [Oppvekstplan Sektor oppvekst 2022-2027](#)

Samarbeids utval (SU) i Austefjord barnehage.

Foreldrerepresentantar: Victoria Leite Høydal og Anette Berg

Tilsettrepresentantar: Solvor Heggli og David Bell

Styrar: Anita Gaarder

Kommunal representant: Rune Dalseth (vara: Connie Steffenak Bakke)

Austefjord barnehage

Opningstid.

Barnehagen opnar kl. 0730 – gi beskjed om barna vert levert etter kl. 09 grunna start på pedagogiske aktiviteter.

Barnehagen stengjer kl. 16.30. – Dersom for sein henting førar til ekstra personalkostnader, må dei føresette vere budde på å bere desse kostnadene. (§6 i Vedtekter for kommunale barnehagar i Volda kommune)

FERIESTEND: Veke 28, 29 og 30

Bemanning i barnehagen.

Barnehagen er bemanna etter barnehagelova §26, minst én tilsett per tre barn under tre år og minst én tilsett per seks barn over tre år. Barna regnast som over tre år frå og med august det året dei fyllar tre år.

Barnehagen held ope i 9 timer per dag, dei tilsette har 7,5 timars arbeidsdag. I arbeidstida der alle tilsette er på plass skal det gjennomførast plantid og ulike møte. For å sikre god pedagogisk kvalitet er det bestemt at barnehagane i Volda kommune skal avvikle 3 timer med avdelingsmøte kvar månad, og pedagogiske leiarar og styrar skal avvikle 3 timer med leiarmøte i månaden.

Barnehagelærarar og pedagogiske leiarar skal avvikle minst fire timer plantid i veka, denne plantida er avtalefesta og skal gjennomførast. OBS! Volda kommune har vedtatt å dekkje opp plantida til pedagogar på småbarns avdeling.

I Austefjord barnehage har vi mange barn som sôv, dette er den rolegaste tida i løpet av dagen, og vi nyttar denne tida til å avvikle dei fleste møta vi har. Dei tilsette som ikkje er på møte ser til dei barna som er våkne og ein tilsett står sovevakt og har tilsyn ved vognene.

Det er utfordrande for barnehagen å gjennomføre plantid og møtar utan at det går utover kvaliteten vi leverer i barnehagen. Vi tar difor vurderingar om vi klarar å gjennomføre alle møta som planlagt, slik at sikkerheita til barna vert ivaretatt.

Austefjord barnehage

Nærmiljø i Austefjord.

Austefjord barnehage har ei nærliggende relasjon til lokalsamfunnet i Austefjord. Jamleg gjennom året har store og små kontakt med lag, organisasjonar og personar frå nærmiljøet anten ved at barna inviterast på besøk eller vi får besøk i barnehagen. Kontakten med nærmiljøet er viktig for barnehagen og noko både små og stor sett stor pris på!

Uteområdet i barnehagen er allsidig og inviterer til variert leik. Vi har tilgang på eit stort uteområde i barnehagen, der dei ulike sonene byr på stor variasjon. Nokre av sonene er også skjerma med gjerde, dette gjer det lettare å dele opp området når ein ønskjer det. Dette kan til dømes vere viktig i tilvenningsfase, for å skjerme dei som er mest utrygge. Og i tidsrom der ein er redusert bemanna på start og slutt av dag.

Barnehagen er ute på tur i nærområdet gjennom heile året, med forbehold om at det er trygt å gå langs vegen. Om det er mykje snø om vinteren kan det vere vanskeleg å halde tilstrekkeleg avstand til biltrafikk grunna brøytekantar og difor ikkje trygt å gå langs vegen. Barnehagen legg då til rette for aktivitet inne på barnehagens område, t.d. lage skispor, naturleik i skogen og anna vinteraktivitet for barna.

Austefjord barnehage

Samarbeid i Austefjord barnehage.

Foreldresamarbeid

Oppstart og tilvenning i barnehagen.

I god tid før oppstartsdato sendar barnehagen ut informasjon om oppstarten i barnehagen. Vi følgjer opplegget «Liten i barnehagen» og har fokus på foreldreaktiv tilvenning. I forkant av oppstartsdato vert foreldre og barn invitert på besøksdagar i barnehagen, her får ein helse på personalet, sjå inne og uteområdet og få eit innblikk i barnehagekvarldagen. Erfaringa er at dette gir eit godt utgongspunkt for trygge barn og foreldre inn i tilvenninga.

Når tilvenninga tar til i barnehagen vil det i oppstarten vere ein kontaktperson på avdelinga. Kontaktpersonen følgjer barnet den første tida i barnehagen og er den som barnet først vert trygg på før dei andre i personalet «koplar seg på» etter kvart som barnet er klar for det. Vi tilpassar tilvenninga til kvart enkelt barns behov slik at overgangen inn i barnehagen vert best mogleg.

Den første samtalen:

Ved oppstart i barnehagen vil ein iløpet av den første tida gå igjennom eit skjema «Den første samtalen» i barnehagen, skjema vert også sendt ut i velkomstbrev, slik at foreldre har høve til å gjere seg kjend med innhaldet. Samtalen er ein utfyllande samtale der barnehagen får informasjon om barnet og familien som kan vere nytig i oppstartsfasen og første tida i barnehagen. Skjema vert lagra i barnemappa og det er ikkje obligatorisk å svare på alle spørsmåla, om ein opplev dei for utleverande.

Foreldresamtalar: Vert gjennomført to samtalar iløpet av barnehageåret, i oktober/november og i mars/april. Om det er behov for samtalar utan om desse tidsromma legg vi til rette for det.

For forskulebarna vil ein på samtalen på våren prate om overgangen til skule.

Til foreldresamtalane nyttar barnehagen felles skjema for foreldresamtale utarbeid av Volda kommune, samtalen vert lagra i barnet sin arkivmappe.

Vigilo – kommunikasjonssystem

Etter oppstartsdato vil Vigilo i hovudsak vere kommunikasjonskanalen mellom heim og barnehage.

Her publiserer vi informasjon, månadsbrev og anna frå barnehagen. Foreldra er ansvarlege for å halde seg oppdatert på Vigilo!

Les meir om Vigilo her: [Volda kommune - Vigilo fagsystem for barnehage, skule og SFO.](#) (Her finn de m.a. forklaring på korleis kome i gang med Vigilo)

Austefjord barnehage


Behovstriangelet.

Behovstriangelet tar utgangspunkt i tryggleikssirkelen (COS) som har vore sentral i arbeidet i Volda kommune sidan 2018. På fagdag 12. mars 2025 fekk alle tilsette vere med på ein dag i lag med Stig Torsteinsson og Ida Brandtzæg, der nokon fekk ny kunnskap om tryggleiksirkelen og andre fekk ei oppfrisking. Behovstriangelet introduserer inn eit nytt behov hos barnet, behovet for å vere sjølvstendig.

I etterkant av fagdagen har dei tilsette i Austefjord barnehage jobba med behovstriangelet og konkretisert korleis vi arbeidar for å møte behova til barnet, uansett kvar i triangelet det er.

Sjølvstendig

Reise seg sjølv etter fall
 Vise, ikkje gjøre
 Gje tid
 Lov å feile
 God plass, inne og ute
 tillit til å utforske
 få lov til
 støtte til utforskning
 skape arena for å tørre/våge for å bestige fjell
 La barna få velje
 formidle at dette går bra
 leggje opp til leik og aktivitet der barna får rom til å utforske/prøve seg fram
 Rose barnet når det meistrar noko
 støtte barnet i å søkje bort frå vaksne



Sikker base

skape tryggheit, vere tilstade, sikre rammer
 Oppmuntre
 Rutinar
 Gjennkjennbart
 Gruppedeling, nærrare samspel
 følgje barnet, gje rom for at det også kan bety at vi vaksne "må hjelpe" igong.
 Ta i mot barne når det søker mot meg, prøve å forstå

Trygg hamn

Tid, ro, trygt fang
 Vere i nærleiken når ein prøvar nye ting
 sitte på golvet, være tilgjengeleg og nær for barna.
 Bekrefte følelser
 gi trøst, sitte på fanget
 kontakt
 trygge vaksne og vise interesse for det barnet prøvar å fortelje oss, vil dette vere viktig for at barnet vil prøve og utfolde seg i barnehagekvardagen sin
 Trøste barnet

Austefjord barnehage

Tverrfagleg samarbeid

Betre tverrfagleg innstats – BTI.

Les meir her: <https://www.volda.kommune.no/bti/>

BTI er ein samhandlingsmodell som skal vere med på å sikre at alle barn, unge og familiarer skal få den hjelpa dei treng.

Modellen sikrar fremgong og ansvarleg gjer kven som sit med «stafett-pinnen» og korleis ein skal arbeidde når ein er uroa for eit barn.

BTI-modellen er byggja på 4 ulike nivå frå null til tre, modellen sikrar at barnehagen jobbar systematisk når det oppstår uro for eit barn, og at ein startar arbeidet så tidleg som råd m.a. gjennom undringssamtalar med foreldra.

Samhandlingsmodellen Nivå 0 - 3



Nivå 3:

Beskriv meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester.

Nivå 2:

Beskriv enkelt tverrfagleg samarbeid mellom fortrinnsvis to tenester.

Nivå 1:

Beskriver innsats innanfor kvar einskild teneste

Nivå 0:

Avklarer om det er grunn til bekymring

Foto: BTI

BTI-møte.

I løpet av barnehageåret deltek styrar på 4 BTI-møter i lag med PPT, helsejukepleiar, barnevern og koordinator for støttetiltak. Møta vert nytta til å arbeide meir føreboggjande og systemretta enn individretta, med fokus på eit heilskapleg og inkluderande tilbod for alle. Det er også høve for å drøfte enkeltsaker på møte, dette med samtykke frå foreldra og foreldra får høve til å delta på møte.

Overgang barnehage-barnehage og barnehage-skule.

Austefjord barnehage arbeider utifrå [«Plan for samanheng mellom barnehage, skule og SFO»](#) for Volda kommune, barna i Austefjord barnehage soknar til Hornindal skule, i varierande grad vel nokre å søkje seg til skulane i Volda sentrum. Barnehagen deltek på skuleførebuande aktivitetar jmfr. Planen og i så stor grad barnehagen har kapasitet. Hornindal skule har ein lokal plan saman med Hornindal bhg og Tunåsen bhg, denne legg opp til eit nærmare samarbeid frå hausten før skulestart, her deltek Austefjord barnehage i så stor grad som kapasitet og resursar tillet.

Om førskulebarn skal begynne på skule i Volda sentrum, veit ein ikkje skule/klasse før etter nyttår/tidleg vår og førskulesamarbeidet startar når det er avklart.

Førskule gruppa i Austefjord barnehage startar det førskule forberedande arbeidet hausten før skulestart, m.a med aktivitetboka Trampoline.

Austefjord barnehage

Tema gjennom barnehageåret.

Grønt Flagg – sertifisering.

Austefjord barnehage starta barnehageåret 2024/2025 å jobbe mot å verte sertifisert som Grønt Flagg barnehage, dette held vi fram med dette barnehageåret, målet er å vere ferdig med søknadsprosessen iløpet av hausten 2025.

Grønt Flagg er ein sertifiseringordning retta mot barnehagar og skuler. Formålet med Grønt Flagg er å styrke berekraftig utvikling gjennom praktiske miljøopplærande aktivitetar som engasjerer barna.

Alle barn får utlevert gjenbruksnett til å frakte klede til og frå barnehagen. Posane er merka med namn og vi oppmodar alle om å nytte seg av dei slik at vi får ned bruken av plastposar.

TEMA-FOKUSOMRÅDE: Avfallssortering, minske bruk av plast, berekraftig mat og fysisk aktivitet.

Meir konkret og utdstrupande om aktivitetar og korleis dei ulike avdelingane jobbar vert sendt ut i månadsplanen.

Les meir om Grønt Flagg her: <https://grontflagg.fee.no/>





Austefjord barnehage

Tema ReKomp: Alternativ Supplerande Kommunikasjon (ASK).

Barnehagane i Volda er med i ein regional ordning for kompetanseutvikling (ReKomp). Ordninga skal vere med på å sikre at alle barn får eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Dette er eit samarbeid og partnarskap med Høgskulen i Volda, der høgskulen skal bidra med kompetanseutvikling inn mot barnehagane, og høgskulen tar med seg erfaringane frå barnehagen tilbake til barnehagelærarutdanninga.

ASK står for alternativ og supplerande kommunikasjon, nokon personar kan av ulike årsaker ha behov for å kommunisere på andre måtar enn med verbalt språk. T.d. ulike tilstandar, skader eller sjukdomar, ein kan også i korte periodar i livet ha behov for anna kommunikasjon om ein ikkje har lært seg verbal språk enno eller nytte det i opplæring av eit nytt språk. Målet med arbeidet med ASK er at vi skal klare å nytte dette i tillegg til talespråket gjennom heile dagen.



samling		
lek		
spise		
kle på		
lekeplass		

Foto og illustrasjoner frå statped.no på korleis ASK kan sjå ut i barnehagen. Døme på deler av dagsplan og tilgjengelege tematavler til daglege aktivitetar.

«Bra for alle, naudsynt for for nokon»

I Austefjord barnehage nyttar vi dagstavlar på avdeling der vi synleggjer for barna kva som skal skje iløpet av ein dag.

Vi har også tematavler både inne og ute der barna kan nytte i dei ulike aktivitetane. Barnehagen har også bøker med ASK-symbol, samt språksmykke som dei tilsette kan ha på seg til ein kvar tid for å ha symbolane lett tilgjengeleg og nytte dette i lag med barna.

Austefjord barnehage

Årshjul Austefjord barnehage.

I løpet av barnehageåret skal barnehagen jobbe seg i gjennom dei ulike fagområda i Rammeplan for barnehage. I år ønskjer vi å arbeide med dei ulike fagområda over lengre tid, og har plassert eit fagområde over fleire månadar, dette vil gje oss tid til å skape undring ilag med barna før vi går vidare til neste fagområde.

Vi ser at det er to fagområder som følgjer oss gjennom heile året, desse to har vi valt å jobbe kontinuerleg med:

- [Rammeplan for barnehagen - Kommunikasjon, språk og tekst.](#)
- [Rammeplan for barnehagen - Kropp, rørsle, mat og helse.](#)

Meir utdypande forklaring og korleis avdelingane konkret jobbar med dei ulike fagområda finn de i månadsplanane som vert sendt ut frå avdeling.

ÅRSPLAN – TEMA

AUGUST, SEPTEMBER OG OKTOBER: NÆRMILJØ OG SAMFUNN.

Dei tre første månadane i barnehageåret jobbar vi med fagområde Nær miljø og samfunn, i tillegg vil det være nokre mindre tema som er aktuelle dei ulike månadene.

Les meir her: [Rammeplan for barnehagen - Nærmiljø og samfunn.](#)

August – Tilvenning.

Store deler av august nyttar vi til tilvenning. Både nye og «gamle» barn treng tid til å venne seg til barnehagekvarldagen.

For nye barn i barnehagen legg vi opp tilvenningsprosessen etter: [Liten og ny i barnehagen - Volda kommune](#)

September – Brannvern (veke 37/38)

Vi vert kjent med Brannbamsen Bjørn, og øver oss på kva vi skal gjere om brannalarmen går i barnehagen.

Oktober – FORUT

Austefjord barnehage er ein FORUT-barnehage, kvar haust har vi FORUT-kafé til inntekt for FORUT-aksjonen.

Vi sel produkt laga av barna, mat, FORUT-produkt og lynlodd.
Invitasjon kjem når det nærmar seg.

I oktober startar vi på foreldresamtalar.

NOVEMBER OG DESEMBER: ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI.

Les meir her: [Rammeplan for barnehagen- Etikk, religion og filosofi.](#)

Pynte i kyrkja – dei eldste barna: Dato kjem.
Julebord: Dato kjem.
Lucia-kafé på Samhald: 10. desember?



Volda
kommune

Austefjord barnehage

ÅRSPLAN – TEMA

JANUAR OG FEBRUAR: KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Les meir her: [Rammeplan for barnehagen - Kunst, kultur og kreativitet.](#)

Karneval: Meir informasjon kjem i måndasplan

Samefolketsdag: 6 februar

Solfest: Veke 7 – vi markerar at sola er tilbake i barnehagen

MERK! Frist for søknad barnehage hovudopptak – 1. mars.

MARS OG APRIL: NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Les meir her: [Rammeplan for barnehagen - Natur, miljø og teknologi.](#)

BARNEHAGEDAGEN: 10. mars 2026

Påskefrukost med Sanitetskvinnene/Bygdekvinnelaget:

Påskeveka: veke 14 (30.3-3.4)

Påmelding til påskeveka vert sendt ut i forkant.

Vi startar på foreldresamtalar.

MAI OG JUNI: MENGD, ROM OG FORM

Les meir her: [Rammeplan for barnehagen - Mengd, rom og form.](#)

13. Mai – generalprøve til 17.mai!

Barnehagen lagar 17.mai-kunst til pynt i B-bygget.

Blåbærtua – Fjøredagar i Holsvika. Avdelinga «flyttar» ut i nokre dagar, der barna får utforske livet i fjøra.
Meir informasjon kjem i eige skriv frå avdeling, då vi er avhengig av vêr og slått.

Fotografering -

Sommaravslutning: Dato kjem

Besøksdagar for neste barnehageår!

JULI :

SOMMARSTENGТ veke 28,29 og 30!

Austefjord barnehage

Tyttebærlyngen.

Tyttebærlyngen

Barn født i 2023 og 2024.

Pedagogisk leiar: Anne Britt Sårheim

Barnehagelærar: David Bell

Fagarbeidar: Kenneth Hole

Fagarbeidar: Marte Beate Fure

Assistent: Natalia Kudrenko

Litt om avdelinga:

Tyttebærlyngen er ei avdeling med barn født i 2023 og 2024.

Barna på avdelinga er dei yngste i barnehagen og hovudfokuset er å skape ei trygg atmosfære for alle barn gjennom kvardagen. Vi er ute kvar føremiddag frå ca kl 9 og fram til vi skal ha måltid. Vi går oftast ut ein tur på ettermiddag også, men etter kvart som årstida går mot sein haust og vinter og mørket fell på, er vi oftast inne denne ettermiddagstida. Kanskje vi deler oss og går ut med ei gruppe. Årsplanen er arbeidsplanen vår og vi fortel meir om korleis vi legg tilrette for dei yngste barna i infoskrivet de foreldre får kvar månad.

I periodar har avdelinga barn som sov fleire gongar om dagen, dette vil påverke dagsrytmen til avdelinga. Når barn sov har avdelinga kontinuerleg sovevakt ved vognene.

Dagsrytma Tyttebærlyngen

0730	Barnehagen opnar
0730-0830	Frukost – Barn som kjem etter kl.0830 et frukost heime. Frileik på midtrommet eller på grupperommet for dei som eventuelt er ferdig med frukost
0900-1015	Påkledning, frileik ute
1015-1045	Vi går inn, songstund før mat, lunsj på avdelinga
1045-1330	Stell, kvilestund. Barna sov ute med sovevakt.
1330-1400	Andre måltid – lett måltid med knekkebrød/yoghurt og frukt
1400-1430	Stell etter måltidet
1430-1630	Frileik inne eller ute.
1630	Barnehagen stengjer

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Songstund	Havregraut til lunsj	Avd. møte for Tyttebærlyngen annan kvar veke. Yoghurt og gryn til 2. måltid.	Varmt måltid	Songstund/ Gymsal. Vi startar med å gå halv gruppe i gymsalen, dei andre har songstund.

Austefjord barnehage

Blåbærtua.

Blåbærtua

Barn født i 2020, 2021, 2022 og 2023 + SFO for barn frå Hornindal skule.

Pedagogisk leiar: Eirin Dæmring Thue
Barnehagelærarar: Sølvor Heggli
Barnehagelærarar: Karina Haugen Bøe
Fagarbeidar: Solveig Midtlund
Assistent: Natalia Krudenko
Lærling: Mona Noureen (fram til November)

Litt om avdelinga:

Vi er ei blanda gruppe med stort spenn i alder. Vi er ofte delt i to grupper, for å sikre at alle får tilrettelagt aktivitetar etter alder. Månegruppa (2022 og 2023 borna), Solgruppa (2020 og 2021 borna). Vi jobbar med å skape gode venskapsrelasjonar mellom barna og med oss vaksne. Vi jobbar med å la barna lære å klare sjølv og kunne samarbeide med kvarandre. Vi er mykje ute og utforskar naturen og nærmiljøet gjennom turar kvar veke. Førskulegruppe for barna som skal begynne på skule. Førskulebarna har boka "Trampoline" med ulike oppgåver som dei fylgjer i løpet av året.

Dagsrytma Blåbærtua

0730	Barnehagen opnar
0730-0830	Frukost - Barn som kjem etter kl.0830 et frukost heime.
0830-	Aktivitet inne eller ute.
1100	Lunsj
Etter lunsj	Stell, kvilestund og frileik. Påkledning og uteleik for dei som ikkje søv
1400	Andre måltid – lett måltid med knekkebrød/yoghurt og frukt
1430-1630	Frileik inne eller ute.
1630	Barnehagen stengjer

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Solgruppa	Gymsal Fast møtedag	Musikk	Tema arbeid Havre graut	Tema arbeid Varmmat	Tur
Månegruppa	Forming Fast møtedag	Gymsal	Forteljing Havre graut	Tur	Musikk Varmmat